



## DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Telefon 90680100  
Adresse: Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES  
Orgnr: 985 868 344 mva

Lindås kommune  
Adresse: [Postmottak@lindas.kommune.no](mailto:Postmottak@lindas.kommune.no)

Dykkar sak 15/3856 jamfør 16/29563

Vikanes, 05.12.2016

### KRAV OM DOKUMENTINNSYN – SAK 147-16 I PLAN- OG MILJØUTVALET Samt merknader til prosessuelle manglar i byggesakshandsaminga.

Med heimel i Forvaltningslova (Fvl) § 18 krev eg kopi av e-post som vart sendt til medlemene i Plan- og miljøutvalet den 23.11.2016, truleg frå Bjørn Dyrkolbotn, og kopi av eventuelle andre nye dokument i klagesaka angåande Fjellstova sitt byggeløyve.

Eg har funne eit brev frå advokat Lexau datert 21.11.2016 med tilhøyrande epost av same dato på kommunen si internettseite. Men ingen epost frå 23.11.2016 er registrert så vidt som eg kan sjå.

Eg var tilhøyrar då Plan- og miljøutvalet handsama saka den 23.11.2016. Eg oppfatta då nemndsmedlemene slik at nokre av dei hadde motteke ein epost klokka 4 om natta, og at denne eposten (og moglegvis andre nye dokument ?) inneholdt nye opplysningar. Det vart bemerka i nemnda at dokumenta kom seint, men at det var gode grunnar for det. Ikkje alle nemndsmedlemene hadde fått den nye informasjonen, og saka vart utsett. Utvalet gjorde i fylge møteboka slik vedtak:

#### 147/16 VEDTAK:

*Saka blir utsatt. Plan- og miljøutvalet tar synfaring på området. Vi ber administrasjonen gje ein kommentar på innkomne dokument når saka vert tatt opp igjen til handsaming*

Kommunen har som sagt ikkje sendt oss kopi av eposten frå 23.11.2016.  
Dette er eit brot på forvaltningslova § 17 2. ledd, som lyder slik:

*Dersom (forvalningsorganet) under saksforberedelsen mottar opplysninger om en part eller den virksomhet han driver eller planlegger, og parten etter §§ 18 til 19 har rett til å gjøre seg kjent med disse opplysningene, skal de forelegges ham til uttalelse»*

Lenger nede i lovteksten står det nokre unntak frå denne plikta kommunen har til å sende motpartar kopi av kvarandre sine anførsler. Men desse unntaka er ikkje relevante i vår sak. Bemerk særleg at saka vart utsett nettopp på grunn av dei nye opplysningane, og administrasjonen vart beden om å kommentere dei. Kva opplysningar dreier dette seg om?

Fvl §§ 17-18 er to av dei viktigaste lovreglane som handlar om det kontradiktorske prinsippet.

Det kontradiktoriske prinsippet seier at partane skal imøtegå kvarandre sine anførsler for at saka skal bli best mogleg opplyst før eit offentleg organ gjer vedtak. Også tidlegare i vår byggesak har kommunen brote det kontradiktoriske prinsippet. Det har gått mest utover oss (ettervinteren 2016), men også utover motparten. Til dømes ved at mitt tilsvær 23.10.2016 til Adv. Lexau sin klage ikkje vart oversendt til Lexau. Eg sende sjølv mitt tilsvær til Lexau i epost den 11.11.2016; - avdi eg insisterar på at vår byggesak skal handsamast rett og riktig, uansett kva for ei side ein ser saka ifrå.

Byggesaksadministrasjonen i Lindås kommune har gjennomgåande därlege rutinar i høve til Forvaltningslova sine krav, har eg blitt klar over i samband med Fjellstova sine byggesaker. I tillegg til systematisk manglande etterleiving av det kontradiktoriske prinsippet, gjeld det måten å skrive administrative vedtak, og manglande informasjon om klageadgang og fristar. Truleg også rettskildetolkning. Rådmannen som øvste ansvarlege for administrasjonen må ta tak i desse problema, og syte for fagleg nivåheving, og innskjerping av rutiner. Manglane går hardt ut over innbyggjarane, som ikkje kan ha tillit til byggesakshandsaminga i kommunen. Og det har dei heller ikkje, etter kva eg kan forstå. Som innbyggjar /kunde må ein ha lov til å stille høgare krav.

Etter denne forholdsvis harde kritikken, må det også seiast at eg har observert hederlege unntak på personnivå. Så min kritikk er retta mot systemnivå og leiing av arbeidet på byggesaksavdelinga. Den einskilde tilsette har lite å stille opp med når «kulturen» og leiar ikkje gjev god og rett støtte.

Eg har også ein viktig ny opplysning i klagesaka. Eg kjem attende til den når eg har sett motpartens nye opplysningar. Då kan eg kommentera alle saksopplysningar samla.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn

Kopi til rådmann, ass. rådmann og utvalsleiar i Plan- og miljøutvalet.

